


6



NAV Hordaland
12171031 0114
6 MAR 2012
DIR AKB



Samarbeidsavtale
mellom
Meland kommune
og
Arbeids- og velferdsetaten i Hordaland

1
164

Innhald

1. Samarbeidspartar
2. Formål
3. Styring og leiling av NAV Meland
 - 3.1 Leiling
 - 3.2 Styring
4. Tilsetjing av leiarar og medarbeidarar ved NAV Meland
5. Medråderett
6. Lokale krav til mål og resultat
7. Overføring av avgjerdsrett
8. Tenesteområde i NAV Meland
9. Samhandling med andre kommunale og statlege kontor og tenestar
10. Brukarmedverknad
11. Universell utforming
12. Kompetanseutvikling
13. Personvern/informasjonsstryggleik/beredskap
14. Informasjon/profil
15. Drift
16. Prinsipp for tvisteløysing ved lokal usemje
17. Revisjon
18. Avtaleperiode

Vedlegg:

- Avtale mellom Meland kommune og NAV Hordaland om drift av felles lokalkontor i Meland kommune: NAV Meland (driftsavtale)
- Telefoniavtale mellom Meland Kommune og NAV Hordaland
- Fylkesdirektørens delegasjonsvedtak av 01.05.12

1. Samarbeidspartar

Samarbeidsavtalen er inngått mellom Meland kommune og Arbeids- og velferdsetaten i Hordaland. Samarbeidsavtalen gjeld drift av felles lokalkontor: NAV Meland.

2. Formål

Samarbeidsavtalen vert inngått med heimel i Lov om arbeids- og velferdsforvaltning, §14.

I samsvar med måla i "Lov om arbeids- og velferdsforvaltning" (NAV-loven) og rammeavtale om arbeids- og velferdsforvaltning mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet og KS, skal partane i fellesskap:

- arbeida for å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad,
- tilby tenester som skal opplevast som enklare og tilpassa brukarane sine behov,
- samt utvikla ei heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning.

Samarbeidsavtalen vert inngått for å regulera dette samarbeidet.

NAV Meland skal arbeida etter arbeids- og velferdsforvaltninga sin visjon:

"Vi gir menneske muligheter - i eit samfunn for alle".

I samarbeidet er kommunen og staten likeverdige samarbeidspartar som aktivt skal bidra til å skapa eit godt arbeidsfellesskap. Saman skal partane skapa eit velfungerande arbeids- og velferdskontor som står fram som ei eining for brukarane.

I tillegg skal NAV Meland leggja følgjande lokale mål til grunn for samarbeidet:

Overordna mål:

- Vi skal gje heilhetlege tenester i rett tid og finne gode løysingar i samspel med samarbeidspartar og brukar
- Vi skal ha forsvarleg og tilgjengeleg forvaltningspraksis og sikre brukarane konfidensialitet og rettstryggleik.

Strategiske fokusområde:

- Vi skal vera synlege og tydelege i lokalsamfunnet
- Vi skal ved hjelp av kontorets samla kompetanse og ressursar ha fokus på arbeid og aktivitet ut frå den enkelte brukar sine føresetnader
- Vi skal ha et særskilt fokus på dei yngre brukarane i kommunen, med eit særskild mål for å sikre at gruppa 18 – 24 år har eit tilbod om utdanning eller arbeidsretta aktivitet.

Verdigrunnlag:

- Vi skal møte brukarar og samarbeidspartar med gjensidig respekt og ei likeverdig haldning – tydeleg, løysningsdyktig og tilstades.

3. Leing og styring av NAV Meland

3.1 Leing

NAV Meland skal ha ein felles leiar som har det faglege og administrative ansvaret for både den statlege og den kommunale delen av NAV Meland. Leiaren skal vera tilsatt i Meland Kommune, og tilsetjast etter Meland Kommune sine retningslinjer. NAV Hordaland tar del i det førebuande arbeid fram til formell innstilling/tilsetjing. Dersom stillinga blir ledig, skal tilsetjingsforholdet takast opp til vurdering.

Samarbeidsavtale mellom Meland kommune og NAV Hordaland

Leiaren for NAV Meland skal rapportera til begge partar; Meland kommune v/rådmann og NAV Hordaland ved fylkesdirektør.

3.2 Styring

Det er to styringslinjer for NAV Meland: Rådmannen i Meland kommune og fylkesdirektøren for Arbeids- og velferdsetaten i Hordaland.

For å samordna overordna styringssignal for NAV Meland frå Meland kommune og frå Arbeids- og velferdsetaten og for å følgja opp felleskontoret, vert det halde møte mellom rådmannen i Meland kommune og fylkesdirektøren for Arbeids- og velferdsetaten (eller personar oppnemnt av desse) minimum 2 gonger pr. år.

I tillegg skal partane i fellesskap:

- sørgje for at det vert laga felles plan for verksemda til NAV Meland ,
- gi føringar om strategisk vidareutvikling av NAV Meland, samt
- gi felles mål- og resultatkrav for NAV Meland som baserer seg på særlege lokale utfordringar.
- Fastsetja årlege budsjetttrammar for felles utgifter i kontoret

4. Tilsetjing av medarbeidarar i NAV Meland

Dei to styringslinjene tar sjølv hand om tilsetjing av eigne medarbeidarar.

5. Medråderett

Ved NAV Meland skal medråderetten utøvast innanfor ramma av lov- og avtaleverk i stat og kommune. NAV Hordaland og Meland kommune vil leggja til rette for tenlege former for brei samhandling og reell medråderett i kontoret.

6. Lokale krav til mål- og resultat

Leiaren/leiarane for kontoret er ansvarleg for å utarbeida årleg plan for verksemda til NAV Meland. Dette skal gjerast i samarbeid med kontoret sine medarbeidarar og tillitsvalde. Planen skal mellom anna ha med sentrale mål- og resultatkrav for Arbeids- og velferdsetaten og frå Meland kommune.

I tillegg kan partane bli samde om andre, lokale krav til mål- og resultat som skal syne særlege lokale utfordringar som NAV Meland har.

Partane skal syte for gjensidig utveksling av styringsinformasjon. Leiarane for NAV Meland rapporterer til fylkesdirektør NAV Hordaland og rådmann i Meland kommune i samsvar med deira opplegg for rapportering. Kontoret sine resultat skal takast opp på møte som partane skal halde kvart halvår.

7. Overføring av avgjerdsrett

Leiar har ansvar for administrativ og fagleg leiing for respektive den statlege og den kommunale delen av kontoret. Fullmaktar går fram av den delegasjonen som er lagt til stillinga.

Partane er samde om at medarbeidarane frå Meland kommune og frå Arbeids- og velferdsetaten kan nyttast på tvers av styringslinene i forhold til å førebu vedtak. Mynde til å fatta vedtak skal inntil vidare liggja i dei respektive styringslinene, med unntak av vedtak etter NAV-lovens § 14.a der også kommunalt tilsette medarbeidarar har vedtaksmynde.

Samarbeidsavtale mellom Meland kommune og NAV Hordaland

4 FEB
114

8. Tenesteområde i NAV Meland

NAV Meland har ansvar for dei tenester som Arbeids- og velferdsetaten skal yta mot innbyggjarane i Meland kommune.

	Kommunale tenester i NAV Meland	Lovheimel
1	Generelle oppgåver	Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga kap 3 Jfr. kap 1: Lovens formål og virkeområde
2	Individuelle tenester	Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga kap. 4: Opplysning, råd og rettleiing § 17 Stønad til livsopphald §18 Stønad i særlege tilfelle §19 Midlertidig butilbod §27 Rett til individuell plan §28 Kvalifiseringsprogram § 29
3	Særlege tiltak overfor rusmiddelmissbrukarar	Lov om sosiale tenester kap. 6 Særlege tiltak overfor rusmiddelmissbrukarar
4	Bustadsosialt arbeid	
5	Gjeldsrådgjeving	Lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersonar (Gjeldsordningsloven)
6	Busetjing av flyktningar	Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyleg komne innvandrarar.
7	Varig tilrettelagt arbeid (ordinære og kommunale VTA plasser)	
8	Bustønad	Lov om den Norske Husbank (Husbankloven)


9. Samhandling med andre kommunale og statlege tenester

For å gje best mogeleg tenester til brukarane våre, og for å kunne levere godt arbeid i høve til NAV - reforma, må NAV Meland samhandla med fleire kommunale og statlege kontor og tenester/aktørar enn de som etter denne avtalen inngår i NAV kontoret. Jfr. Lov om sosiale tenester § 3-2.

Partane er samde om at – der det er naturleg skal denne samhandlinga regulerast i eigne avtaler/rutinar.

Viktige samarbeidspartar for NAV Meland er m.a.:

Samarbeidsavtale mellom Meland kommune og NAV Hordaland

5 

149

- Oppfølgingstenesta (OT)
- Meland Arbeidssenter
- Kriminalomsorga, Region Vest
- Dei kommunale tenesteområda
- Fylkesmannen i Hordaland
- Husbanken
- NAV sine spesialeiningar i Hordaland

10. Brukarmedverknad

For å forbetra tenestekvaliteten i NAV Meland og for å tilpassa tenestene til brukarane sitt behov, skal NAV Meland ha følgjande former for samhandling med brukarane:

På individnivå:

- Tenestetilbodet skal så langt mogleg utviklast saman med brukaren, og det skal leggjast stor vekt på kva brukaren meiner.
- Brukarar som treng oppfølging over tid, skal få tilbod om fast rådgjevar/koordinator og faste samtaler.
- Brukarar som treng langvarige og koordinerte tenester skal få tilbod om individuell plan eller tilsvarande.
- Informasjon som kan gje grunnlag for at den einskilde sjølv kan ta ansvar for val og prioriteringar, skal være lett tilgjengeleg, og skal ligge føre i ei form som brukarane kan forstå og gjere seg nytte av.

På systemnivå:

- Brukarmedverknad på overordna nivå blir sikra gjennom brukarutvalet ved at organisasjonane peker ut representantane som kan ta del i planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak.
- NAV-kontoret skal ha jamlege brukarmøte der både tidlegare og noverande brukarar er med i ein dialog om tenestetilbodet ved kontoret. Slike møte skal haldas minimum to gonger pr. år.
- Det skal gjennomførers standardiserte brukarundersøkingar på NAV-kontoret minst ein gong pr år.

11. Universell utforming

Begge partar skal sikra at krava til universell utforming vert ivareteke (jf. Lov om arbeids- og velferdsforvaltninga, § 13).

Dersom det seinare vert aktuelt å skaffa nye lokale, skal konkurransegrunnlaget/kravspesifikasjonen stilla dei nødvendige krav til universell utforming. Når det gjeld disponering av areal, gjeld respektive regler for medråderett i stat og kommune. Brukarmedverknad er også viktig i planlegging og utforming av kontoret for å sikra kvalitet og brukarvenlege bygningar og tenester.

12. Kompetanseutvikling

Leiar/leiarane for NAV Meland har ansvar for at det årleg vert utarbeidd felles kompetanseplan for kontoret i samarbeid med medarbeidarane og tillitsvalde i kontoret. Planen regulerer oppgåver og ansvar, også det økonomiske ansvaret for utviklinga av kompetanse.

Det er semje om at alle tilsette ved kontoret skal ha same tilgang til kompetanseutvikling.

13. Personvern/informasjonsstryggleik/beredskap

Kontoret skal utarbeida felles dokumentasjon for personvern, tryggleik og beredskap for NAV Meland i samsvar med "Felles sikkerhetsnormer for Arbeids- og velferdsforvaltningen" og begge partar sine krav til tryggleik skal vera ein del av denne dokumentasjonen.

14. Informasjon/profil

NAV Meland skal ha eigen plan for kommunikasjon.

15. Drift

Partane inngår eigen avtale for fordeling av utgifter som knyter seg til drift av NAV Meland.

16. Prinsipp for tvisteløysning ved lokal usemje

Partane er einige om å søkja å løysa konflikt om inngåing og tolking av denne avtalen gjennom forhandling lokalt. Skulle ikkje dette føra fram, vil tvisten løysast i samsvar med forskrift om nemndbasert tvisteløysning.


17. Revisjon

Partane skal leggja til rette for at Riksrevisjonen, kommunen sin revisor og internrevisjonen i Arbeids- og velferdsetaten kan utføra sine oppgåver i felleskontoret på den måten revisjonane bestemmer

18. Avtaleperiode

Avtalen gjeld frå 1. mai 2012 og skal evaluerast årleg på partnarsskapsmøtet.

Frekhaug /Bergen den 23.02.2012


Ingvild Hjeltnes
Meland kommune
Rådmann


Anne Kverneland Bogsnes
NAV Hordaland
Fylkesdirektør

